



Det Kongelige Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Svar - Høyring - Forslag til forskrift for Norsk Kulturminnefond

Me syner til brev av 24.04.2009 med forslag til revidert forskrift for Norsk kulturminnefond. Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på det som positivt at ein i forslaget til forskrift har konkretisert kva type kulturminne som kan eller skal prioriterast. Me vil likevel kome med innspel på ytterlegare presiseringar som me meiner er føremålstenelege:

KAP 1 INNLEDENDE BESTEMMELSER §2 *Virkeområde*

I forskrifta nemner ein at kommunane kan søkja støtte i særlege tilfeller for tiltak nemnd i §8 tredje ledd, me stiller då spørsmål om det er mogleg for fylkeskommunane å søkje støtte til same type tiltak, samt til skjøtsels- og tilretteleggingstiltak for arkeologiske kulturminne. Om det er mogleg eller ikkje bør presiserast i forskrifta.

Når det gjeld private skjøtsels- og tilretteleggingsprosjekt på automatisk freda kulturminne meiner Kulturavdelinga at det i forskrifta må setjast som krav at det skal føreligga uttale frå forvaltningsstyresmakt.

KAP 3 TILSKUDD §9 *Vilkår og rammer for tilskudd*

I denne paragrafen omtalar ein ulike typar tiltak som kan få tilskot. Det hadde vore ynskjeleg i denne samanheng om ein og gav eksempel på tiltak som det ikkje vert gjeve tilskot til.

KAP 4 BEHANDLING AV SØKNADER

I dette kapittelet omtalar ein ikkje avslag på søknadar. Etter Kulturavdelinga si meining burde det her vore teke med eit punkt om at avslag skal grunngjevast og sendast søkjar.

Med helsing

Arlen Synnøve Bidne
Arlen Synnøve Bidne
rådgjevar arkitektur

